Visitasføredrag Tysnes 25. oktober 2026

Kjære kyrkjelydar på Tysnes.

Takk for gode visitasdagar som eg har fått ha denne veka. Det har vore ei stor glede å møta dykk og å få oppleva denne vakre øya og sjå at kyrkja er grunnfesta mellom folk i lokalsamfunnet.

Dette visitasføredraget skal oppsummere noko av det eg har sett og opplevd desse dagane. Det har blitt til i samarbeid med seniorrådgjevar Jens Meyer på bispedømekontoret og prost i Sunnhordland Arild Steinsland som var med på visitasen.

Visitasen starta i Uggdal kyrkje, jubilanten som fyller 150 i år. Tysdag morgon låg den bada i sol då vi starta besøket med ei morgonbøn som gav oss ro og forventning.

Staben

Det er mange programpostar som skal vere med under ein bispevisitas. Eit møte med staben høyrer med til det. De har trufaste medarbeidarar med til dels veldig lang fartstid. Dei viser stort engasjement for å møta menneske på ein god måte, anten det gjeld unge eller gamle, dei som ringer for å snakka om gravferd eller bryllaup, i sorg eller glede.

Den nye kyrkjemusikaren er ikkje på plass enno, (han møtte eg først i dag). Han må de ta godt imot.

Sidan dei tilsette har så stort hjarta for tenesta si, kan dei lett føla at dei skulle ha gjort meir. Det kan vi ikkje krevja. Men bygdefolket kan møta opp til gudstenester og samlingar og gje støtte med frivillig innsats, for kyrkje er vi saman, både tilsette og medlemer.

Babysong og middag

Etter møte med staben, var vegen kort opp bakken til det fine omsorgssenteret der heile 11 babyar møtte opp til babysong saman med mødrene sine. Dei var samla i ein ring på matter på golvet, og rundt desse sat dei eldre. Alle fekk vera med å synga og det var tydeleg at alle generasjonar gleda seg over dette. Sokneprest Marit leia babysongen med god hjelp av kyrkjelydspedagog Isabell og med André ved pianoet.

Sidan visitasen starta på ein tysdag, måtte det fine tiltaket "Supermåndag" denne veka bli til ein "supertysdag". Meir enn 40 personar hadde teke turen til den opne fellesmiddagen som blir arrangert kvar månad. Dette er eit av dei viktigaste diakonale tiltaka dykkar, og rundt borda fekk vi høyra kor glade folk er for å kunna møtast over eit måltid.

På Onarheim i fin ettermiddagssol fekk vi eit interessant møte med Alsaker fjordbruk. Det var både imponerande og interessant å få innblikk i noko av alt denne store verksemda driv med, og korleis ein tenker om nærvær og bidrag til bygdesamfunnet.

Kultur/kulturkyrkja

Noko av det finaste eg gjer er å feira gudsteneste, og på denne visitasen har eg fått vera med på å feira heile tre gudstenester. Den første var ei HEL-gudsteneste i Onarheim kyrkje. HEL er kyrkja sitt inkluderingsarbeid, og namnet kjem frå vissa om at kyrkja ikkje er heil før alle er med. Diverre gjorde til dels glatt føre denne dagen at ikkje alle som hadde tenkt seg i kyrkja, kunne kome. Men vi som var der fekk oppleve ei fin gudsteneste, etterfølgd av kyrkjekaffi med god servering frå soknerådet.

Det var spennande å få høyra om Kulturkyrkja Onarheim som i ti år har arbeidd for å styrkja forståinga av kyrkja som kulturberar i samfunnet og gje folk gode og varierte kulturopplevingar. Visjonen er at fleire skal bruka kyrkja. De har fått til mykje på desse åra, og det er fint at soknerådet på denne måten får så god hjelp til å utvida kyrkja si verksemd i bygda og på øya.

Vi fekk også høyra engasjerte representantar for Tysnesfest, Tysnes teaterlag og Onarheim musikklag som gav oss eit bilete av stor og trufast frivillig innsats for kulturen på øya.

Kulturen mellom oss er også beredskap. Sist veke møtte biskopane justis- og beredskapsminister Astrid Aas Hansen. Ho utfordra kyrkja til å bidra til den åndelege, eksistensielle og kulturelle beredskapen. Kvelden i Onarheim kyrkje viste at dette arbeidet tek vi på alvor og er rusta for.

Skulen

Onsdag hadde vi gleda av å besøka Tysnes skule. Der vart biskopen møtt av oppmerksomme og interesserte elevar som hadde klar ei rekkje spørsmål som eg skulle svara på – på ståande fot. Først mellomtrinnet, så ungdomsskulen. Spørsmåla var grundige, reflekterte og uvanleg gode. Dei handla om biskopen sitt arbeid og ansvar, personlege spørsmål om meg og mi tru, spørsmål om teologiske og etiske dilemma, om Bibelen, samliv, vitskap, det vonde i verda og livet etter døden. Eit av spørsmåla var: Kva gir deg mest håp, og kva uroar deg mest for framtida?

Eg svara då at noko av det som gir meg håp er at unge menneske i dag viser at dei tek ansvar for naturen og klima og for gode rom mellom oss. Respekten dei viser for kvarandre gir også håp. Dei unge kan læra oss å leva saman sjølv om vi er ulike, med ulik religion og ulike meiningar som kan skapa skilje.

Det storpolitiske med urimelege krigar og fattigdom, og heilt urettferdig fordeling mellom fattig og rik er til å bli nedtrykt av. Miljøutfordringane likeeins. Vi må ta tak i dette, og der er det dei unge som gir meg håp.

Eg vart også spurt om kva som er den viktigaste bodskapen eg ønskjer å gje dei unge i dag.

Då sa eg at de er verdifulle, unike og at de skal bli møtt med respekt. De skal bli sett som dei unike menneska de er.

Eg trur at gode skuleelevar også er eit vitnemål om gode lærarar. Dette er også absolutt inntrykket mitt etter at eg fekk møta lærarstaben saman med bl.a. kommunalsjef for oppvekst og kultur.

Vi samtalte om korleis skulen støttar opp om ungdomane i deira møte med dagens samfunn og om samspelet mellom kyrkja og skulen. Her på Tysnes har de gode erfaringar med skulegudstenester og klassar på besøk i kyrkja. Vi minna om dei gode ressursane som finst etter kristenrettsjubileet på Moster i 2024 og såg framover mot nasjonaljubileet i 2030. Her vil samarbeidet mellom skule og kyrkje vere viktig. Eg oppmodar stab og sokneråd om å halde fast i dette og følgje opp fram mot jubileumsåret.

Møte med kommunen

Kommunen har ansvar for lokalkyrkja sin økonomi. Kyrkja er vesentleg i livet til kommunen sine innbyggjarar. Ho rammar inn livet frå fødsel til død og byggjer fellesskap og kultur på tvers av generasjonane.

Saman med kyrkjeverja og leiarane for fellesrådet og dei tre sokneråda, fekk vi møta både ordførar og kommunedirektør.

Det er godt samarbeid og gjensidig forståing mellom kommuneleiinga og kyrkja. Begge partane kjenner på utfordringa med stram økonomi, og då er god kommunikasjon viktig. Det er flott at planane er klare for å få rusta opp Kyrkjeståvo ved Tysnes kyrkje, slik at den både kan romma staben sine kontor, møterom og lokale som folket i bygdene kan nyta godt av til kyrkja sine samkome og til utleige. Bygget skal stå der lenge, ein må finna fram til ei berekraftig finansiering så det blir god kvalitet på ombygginga.

Vi minna også kommunen på at kyrkja er viktig for beredskapen. Vi har bygga våre, gravplassar, folk og strukturar. Kyrkja er ein demokratisk organisasjon og kan vera med på å styrka folket sin psykososiale og eksistensielle motstandskraft. Kyrkja og presten har også ei viktig rolle når det skjer brå dødsfall eller ulukker og i sorgarbeidet.

Møte med råda

På kvar visitas har vi eit viktig møte mellom alle råda, tilsette og biskopen. Onsdag kveld møttest vi på Haaheim gard. Prosten leia møtet og vi hadde gode samtalar om bl.a. gudstenestene, opplæringa, ungdom, soknerådsvalet, drop-in vigsler og -dåp og frivillige.

Prostidag

Det har blitt vanleg å samla alle prestane i prostiet til møte med biskopen når det er visitas. I Sunnhordland har de også ein god tradisjon med å samla alle tilsette og rådsmedlemer til prostidag. Vi hadde ein fin dag saman rundt temaet unge og unge-vaksne. Det er gledeleg at det no er eit eige prosjekt for aldersgruppa 18-30 som også unge frå Tysnes kan vera med på.

Jubileum i Uggdal kyrkje

Uggdal kyrkje er 150 år, og torsdag fekk eg feira dette jubileet med ei flott gudsteneste saman med både den lokale kyrkjelyden og folk frå resten av øya og heile prostiet. Sidan eg alt hadde vore i kyrkja tysdag morgon, hadde eg fått sett dei fine nyrestaurerte glasvindaugo som ikkje var like synlege på ei kveldsgudsteneste. For dei som ikkje har sett desse, vil eg anbefala å ta turen på ei vanleg søndagsgudsteneste på 11.00.

Utfordringar

I den gode visitasmeldinga som vart skriven av soknepresten etter innspel frå råd og tilsette, ser de på det som har vore, og de ser framover. Det vil eg også gjerne gjera saman med dykk, og eg kjem no med nokre konkrete utfordringar. Prosten vil etterspørja arbeidet med desse til våren.

1. Gudstenesta

Sidan min forgjengar biskop Halvor Nordhaug var på visitas i 2012, har fleire av gudstenestene og det meste av trusopplæringa vore konsentrert om Tysnes kyrkje. Det er ei ordning som skal halda fram. Samstundes treng det ikkje vera i vegen for at til dømes utdeling av bøker til ulike aldersgrupper kan skje i sokna der barna høyrer til.

De skriv i visitasmeldinga at kyrkjelydane vil arbeida med å leggja til rette for gudstenester som involverer fleire. De ønskjer at fleire skal kjenna eigarskap til gudstenestene og samarbeid med andre.

Korleis svarer me på folk sin lengsel i dag? Korleis møter me folk i kyrkja? Det er viktig å bli møtt på ein god måte når ein kjem til gudsteneste eller eit arrangement i kyrkja. Dei kjem til eit heilagt hus. No har varmepumper vonleg gjort kyrkjene varmare, og i tillegg vil eit fint våpenhus og ein kyrkjevert som ynskjer velkomen, vera noko sokneråda bør arbeida med. Dette er alle sitt ansvar. Skal ei kyrkje vera open for å ta imot dei som kjem, må ho også ta godt imot.

Eg høyrer at både konfirmantforeldre og ungdomar har fått arbeidsoppgåver knytt til gudstenestene, bl.a. med kyrkjekaffi og tekstlesing. Dette er gode ting som ein kan halda fram med. Vi fekk også høyra om salmekveldar med låg terskel for å komma i kyrkja og at sundag kl. 11.00 kan vera eit vanskeleg tidspunkt for å samla mange.

Utfordring nummer 1: Eg vil utfordra dykk til å laga eit lite utval med to frå kvart sokneråd som saman med soknepresten kan møtast for å laga ein plan for gudstenestene i Tysnes. Eg vil gje dykk løyve til å sjå om til dømes ei gudsteneste i semesteret i kvar av kyrkjene ikkje treng å vere på sundagen, men at ressursane i staden blir brukt til å ha gudsteneste på ein kvardag. Ei slik gudsteneste kan gjerne vera ein salmekveld. Ein kan også høyra om den kan leggjast tett inntil øving for eit kor eller musikklag, slik at dei kan vera med på gudstenesta på sin øvingsdag. Om det høver slik, kan gudsteneste på ein kvardag også nyttast til bokutdeling til barn.

2. Trusopplæring

De har gode tal for oppslutning rundt kyrkja si undervising. De har ein eigen kyrkjelydspedagog som gjer ein flott jobb.

Utfordring nummer 2: Samtal og samarbeid med skulane i kommunen om Nasjonaljubileet i 2030.

3. Ungdom

Det var fint å høyra at det er ein klubb på Jensvoll bedehus for det vi kallar «Betweens» eller Tweens, dei som er midt mellom born og ungdom. Ungdomsarbeid startar ofte med barnearbeid der dei eldste kan få meir og meir ansvar. Eg vonar dette kan veksa, og kanskje Kyrkjeståvo kan vera ein plass der unge kan møtast?

Utfordring nummer 3: Sjå om samarbeid mellom kyrkja og organisasjonar kan gjere at ungdomar finn eit kristent fellesskap, også etter konfirmasjonstida. Sjå til ungdomssatsinga i Sunnhordland prosti om ungdomar frå Tysnes også kan ta del i det.

4. Sokneråd

De har fire kyrkjer og tre sokneråd. Det er mykje i ein liten kommune, og mykje for ein prest. På møtet med sokneråda lufta vi spørsmålet om tettare samarbeid. Det synest eg de skal snakka meir om. De har alt erfaring med felles soknerådsmøte, og då treng ikkje vegen vera så lang til å ha felles sokneråd for fleire sokn. Uansett oppfordrar eg dykk til å oppretta utval som har ansvar utover eitt sokn, eller utval som har ansvar for ei kyrkje, dersom ein endar opp med felles sokneråd.

Utfordring nummer 4: Samtal om soknestruktur og samarbeid, gjerne i forkant av kyrkjevalet til hausten. De har ein kyrkjeplan frå 2016 der det står kva de skal arbeide med innanfor kyrkjemusikk, trusopplæring og diakoni. Gå gjennom den i felles soknerådsmøte, sjå om det som står der stemmer med det som faktisk skjer og legg den inn i planverktøyet «Kyrkja vår». Så kan dei nye sokneråda starta sitt arbeid med å lesa den og arbeida vidare med sine planar for dei komande åra.

5. Frivillig innsats

Kyrkjelydane på Tysnes treng fleire frivillige medarbeidarar. Visitasmeldinga understrekar det naudsynte arbeidet med rekruttering, utrusting og oppfølging av frivillige. Eg vil oppmoda dykk til å laga ein enkel plan for eit slikt arbeid. Det kan gjerne vera tema på eit felles soknerådsmøte. Under visitasen har vi høyrt ønskje om samarbeid med frivilligsentralen, men også om vellukka dugnad med Uggdal bygdalag framfor jubileet for kyrkja.

Utfordring nummer 5: Arbeid vidare med rekruttering og ivaretaking av frivillige. Frivilligsentralen i kommunen er ein samtalepartnar i dette, det er også bygdelag og andre lag og foreiningar. “Supermåndag” er eit tiltak som frivillige bør rekrutterast til.

Takk

Takk for at de har teke så godt imot oss på denne visitasen. Takk for at vi har fått oppleva at folk er glade i kyrkja.

Takk til sokneprest Marit som har vore dykkar trufaste tenar i 28 år og som har hatt mykje planlegging og omtanke for visitasen.

Takk til kyrkjeverje Marianne, kyrkjelydspedagog Isabell og kyrkjetenarane Thorhill og Francois for dykkar engasjement og gode arbeid. Takk også til kyrkjemusikar André som stilte opp på gudstenestene.

Takk til sokneråd og fellesråd og alle som gjer ein innsats for kyrkjene og for livet i kyrkjene. Kvar av dykk er med på å byggja kyrkje, kvar på sitt vis.

Takk til kommunen for positiv haldning til kyrkja og for den støtta de gjev. Takk også for samarbeid i arbeidet med gravplassar og gravferder.

Takk til prosten som er min representant i Sunnhordaland og som skal sjå til kyrkjelydane på Tysnes.

Eg reiser heim til Bergen med glede og takksemd for dagane på Tysnes, og med bøn om Guds velsigning over folk og kyrkje.

Bjørgvin bispestol, 25.oktober 2026 Ragnhild Jepsen